

# Reguleringsføresegner

## Reguleringsplan for Gol kyrkje

---

**Gol kommune**

**Gnr. 28, bnr. 2 og 10 og gnr. 33, bnr. 1**

**PlanID 2020001**

### 1. Føremålet med planen

---


Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for utviding av Gol kyrkjegard. Gravferdslova § 2 seier at kommunar til ein kvar tid skal ha ledige gravar til minst tre prosent av kommunen sin befolkning. Det er naudsynt å utvide kyrkjegarden for at kommunen kan oppfylle dette kravet. Både den eksisterande og den nye kyrkjegarden ligg innanfor planområdet, men det skjer ikkje endringar på den eksisterande kyrkjegarden.

Det regulerte området er vist på plankart datert 27.05.2021. Føresegnene gjeld innanfor området som er markert med planen sin avgrensing på kart i målestokk 1:1500. Planområdet har ein storleik på om lag 15,2 dekar. Området som blir utvida har ein storleik på om lag 3,4 dekar. Planområdet er inndelt med følgjande føremål:

1. Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5 nr. 1)
  - a) Forsamlingslokale for religionsutøving (kyrkje, K1)
  - b) Grav- og urnelund (GU 1, GU 2)
  - c) Naudsynte bygg og anlegg for grav- og urnelund
  
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr. 2)
  - a) Veg (o\_V1, offentleg)
  - b) Parkering (o\_P1 og o\_P2, offentleg)
  - c) Annan veggrunn – grøntareal
  
3. Grønnstruktur (PBL § 12-5 nr. 3)
  - a) Turdrag

Omsynssoner:

4. Byggegrense
5. Bevaring kulturmiljø
6. Ras- og skredfare



## 2. Fellesføresegner for heile området

---

### 2.1 Automatisk freda kulturminne

Dersom det under anleggsarbeidet eller annan verksemd i planområdet dukkar opp automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast og fylkeskommunens kulturvernavdeling må varslast, jf. Lov om kulturminner § 8. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka er gjort kjend med dette føresegn.

### 2.2 Universell utforming

Prinsipp om universell utforming skal leggstil grunn ved utforming av bygg, trafikkanlegg og uteareal.

### 2.3 Ubygd areal

Ved utbygging i området skal inngrepa i naturen gjerast så skånsamt som mogleg. Det skal ikkje hoggast meir skog enn det som er nødvendig for å opparbeide renovasjonsplassen. Grøfter for tekniske anlegg, vegskråningar og anna areal som blir berørt skal pussast til, dekkast med jord/torv og såast til. Ved tilsåing/beplanting skal stadeigne og hardføre vegetasjonstypar nyttast.

### 2.4 Estetikk

Nye bygge- og anleggstilak skal harmonisere med kyrkja som kulturminne og gudshus.

### 2.5 Rekkefølgekrav

Landbruksvegen som går mellom GU1 og GU2 blir ein inkludert del av kyrkjegarden når ny landbruksveg er klar for å takast i bruk. Fram til dette skjer skal landbruksvegen vidareførast som i dag.

## 3. Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

---

### 3.1 Grav- og urnelund

- a. Område GU 1 og GU 2 skal nyttast til grav- og urnelund.
- b. Det skal utarbeidast plan for gravplassar for utarbeiding av GU 2. Denne skal utarbeidast i henhold til føresegnene i gravferdslova sin forskrift § 3 og godkjennast av Gol og Herad sokn og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Universell utforming skal leggstil grunn for utvikling av området.
- c. Før bygg- og anleggsarbeida kan påbegynnast skal det føreligge godkjent situasjonsplan i målestokk 1:500 for GU2, vegetasjonsskjerm med mur/gjerde og turdrag. Den skal vise bebyggelse, anlegg til grav- og urnelund, plassering og utforming av tilkomst/traktorveg/interne vegar, tilhøva til anna infrastruktur og løysingar for universell utforming. Planen skal vidare vise terrengbehandling, murar/forstøttingsmurar og bevaring/planting av vegetasjon.
- d. Område GU 1 og GU 2 skal ha gjerde med port mot landbruksveg fram til rekkefølgekrav 2.5 er oppfylt.
- e. Ved innsending av byggesøknad til Gol kommune skal godkjenning av plan for gravplassar frå Statsforvaltaren leggstil ved.

### 3.2 Naudsynte bygg og anlegg for grav- og urnelund

- a. Området skal nyttast til naudsynte bygg og anlegg for å drive kyrkjegarden.



## 4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

---

### 4.1 Veg

O\_V1 (fylkesveg 2916) er regulert i tråd med situasjonen i dag. Vegen er offentleg.

### 4.2 Parkering

O\_P1 og o\_P2 skal nyttast til parkeringsplass for besøkande til kyrkja og grav- og urnelunden. Det skal sikrast tilstrekkeleg antal parkeringsplassar for forflytningshemma. Desse parkeringsplassane skal lokalisert nærast inngangen til kyrkja.

### 4.3 Annan veggrunn – grøntareal

Vegetasjon innanfor annan veggrunn –grøntareal må ikkje hindre friskt.

## 5. Grønnstruktur (§ 12-5 nr. 5)

---

### 5.1 Turdrag

Turdrag skal opparbeidast og ferdigstillast når rekkefølgekrav 2.5 er oppfylt.

## 6. Omsynssoner (§ 12-7 nr. 2, 6 og 12)

---

### 6.1 Byggegrense

Innanfor byggegrensa er det ikkje tillatt å gjere tiltak som kan påverke skråningsutslaget på fylkesveg 2916. Byggegrensa skal vere minimum ein meter frå føremåls grensa til GU2.

### 6.2 Bevaring kulturmiljø (H1)

Ved tiltak utover vanleg vedlikehald, skal saka føreleggast Riksantikvaren til uttale før kyrkja sitt godkjenningorgan treff sin slutning, jf. kirkebyggforskriften § 4.

### 6.3 Ras- og skredfare (H310)

Innanfor faresona er det ikkje tillatt å bygge før det er gjennomført skredfarevurdering.